

Myra - Myren (gnr. 102)

Myra – Myren i Saksumdalen er av dei gardane ein først finn noko nemnande om i matrikkelen av 1668. Der er det så fortalt at gardsbruket Myren da var krongods, som det truleg hadde vore heilt frå det vart rydda i almenningen. Bygslaren og brukaren der hette da Oluf, og landskylda av bygselbruket var 2 kalvskinn. Buskapen av store husdyr var enda berre 1 hest og 2 naut, og korntiende vart utreidd med 2/8 tønne, som altså svara til ei årsavling på 3½ - 4 tønner. Vidare er det om innmarka fortalt at den var ”ichon nogen smaae Myresletter, men garden hadde alt da seter og sommarbeite for krøtera på ”Sveesetter”.

Ti år seinare er det i 1678 fortalt at Oluf framleis var bygslar og brukar i Myren, og han svara da den utskrivne Leiglendingeskatten 1678 med to skilling, som t.d. grannen Olle Berg. Etter atter ein liten mannsalder er det i år 1700 oppgitt at brukaren da heitte Ole Olsen Myren. Han hadde da lånt 26 rd. av Poul Qvallen mot pant i ”hans påboende gård Myren av skyld 2 skind”. Elleve år seinare er garden hans kalla ”Myre i Saxumdalen”, og han hadde da lånt 43 rd. av Oluf Engebretsen.

Fleira nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det vidare oppgitt at garden Myren ligg i sollia og er lettbrukt, og at ”jordarten der er maadelig, dog noget kold- og frostelent”. Det var skog der til brenneved og gjerdefang og seter med ”maadelig” hamn, men ingen utslåttar. Buskapen hadde auka og var da 1 hest, 4 naut og 6 geiter, og den årlege utsæd av korn var kring 1½ tønne. Brukaren i Myren heitte også da Ole Olsen, men den store skilnaden hadde skjedd at same Ole Olsen var ikkje lenger berre brukar av garden Myra, men og eigar, jordeigande bonde av garden. Ein merker seg elles at det da vart gjort framlegg om at landskylda burde høgdist med 2 skinn.

Husbonden Ole Olsen Myren hadde så garden til i 1728, da han etter utskrift av panteboka gav sålydande skjøte til Ole Svendsen:

”Myren.

Skjøte dat. 8 nov. 1728 tgl. 16 febr. 1729.

Fra Ole Olsen Myren i Saksumdalen til Fåberg prestegjeld til Ole Svendsen og hans arvinger på hans odelseiende ødegård Myren kaldet som skylder 2 skind med bøxel og herlighet for sum 140 rd.”

Av ti år seinare er elles ei anna sak som her er av interesse, og som etter utskrift av tingboka er referert slik:

”Myren i Saksumdalen, Fåberg.

Fliflet i Fåberg 15 febr. 1738.

Lensmann Simon Fliflet gav efter fuldmagt tilkjende at Guttorm Olsen, som nu er i Trondhjem, er odelsberettiget til grd. Myren i Saksumdalen, som Ole Svendsen nu besidder, og som Guttorm Olsens far skal ha solgt til fremmede. Guttorm Olsen akter å innløse gården og lyser sin rett og pengemangel efter loven”.

Ole Svendsen, som var frå Eriksrud i Auggedalen, hadde garden Myren til i 1743, da han gav skjøte til Christen Larsen Nygaard på ”pl. Myren, skyld 2 skind for 240 rd.”.

Av ti år seinare er ei sak som truleg fortel at det da også budde folk på eit bruk ”Myren eller Møen” like ved. Saka har elles etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

”Myren i Fåberg.

16. febr. 1753.

Christen Tostensen Ormerud har innstevnt enken Kirsti Myren fordi hun ikke godvillig vil fravike jordstykket Myren eller Møen, som citanten ved lovlig skjøte har tilhandla sig.

Saken forflyttes til neste ting, sa citanten har å innkalle enkens verge”.

Og som vi seinare skal sjå, budde citanten på Myren framleis i 1777.

Christen Larsen hadde sin gard Myren til i 1754, da han gav skjøte ”til Michael Jensen Gulhoel av Biri på gårdepladsen Myren skyldende 2 skind for sum 194 rd”.

I dette skjøtet er elles inntatt at ”i denne handel inntretr Hans Olsen ved Alfsberg som gårdens formentlige odelsmann og avstår sin odelspretensjon til gården for 13 rd., som Michael Jensen har betalt ham”. I samband med denne handelen er elles ein tinglyst obligasjon, som etter utskrift er sålydande:

”Myren.

Obligasjon dat. 14 april 1755 tgl. 18 juni s.å.

Michael Myren av Saxumdalen til Fåberg tilforbinder sig og arvinger ved denne obl. å betale til Johannes Xtensen Sæter eller arvinger en ham utlånt kapital 203½ rd. dette brevs kostende medregnet, samt av denne kapital å svare årlig og lovlig rente 5% fra dato til betaling skjer, og til sikkerhet for kapital med renter og omkostninger pantsetter han ham med 1.ste prioritets ret sin eiende gård Myren av skyld 2 skind samt alt hans eiende løsøre og bohave.”

Tre år seinare selde i 1758 Michael Jensen grd. Myren ved tinglyst kjøpekontrakt til Knut Jacobsen Sadelmager. Den velskrivne kjøpekontrakten har, også etter utskrift av panteboka, denne ordlyden:

”Myren.

Forening dat. 14. april 1758 tgl. 4. oktober s.å.

Michael Jensen Myren på den ene og Knut Jacobsen Sadelmager på den anden side er blitt forenet på følgende måte: Michael Jensen har solgt sin ved skjøte av 7. septbr. 1754 innkjøpte gaard Myren i Saxumdalen til Fåberg beliggende av skyld 2 skind til Knut Jacobsen for 220 rd. hvorav de 70 rd. er ham betalt, og de øvrige 150 rd. skal betales til neste 1759 års 14. april, og gården overleveres med lovlig skjøte fra nu av.

Han innløser Hans Mayts ved gården heftende reluctionsret.”

Knut Jacobsen, som og er kalla Knut Jacobsen Nygaard, hadde grd. Myren til i 1763, da han skjøta Myren vidare til Christen Wenssøn og arvingar for sum 300 rd. I samband med handelen lånte kjøparen Christen Wenssøn 300 rd. av Ole Bentsen Melum og Arne Hansen Roland ”mot årlig rente 4% mot 1. pr. pant i garden, ”samt alt sitt løsøre.”

Kjøparen Christen Wenssøn hadde garden Myren og budde der til i 1770, da han ved skjøte selde grd. Myren til Peder Ellingsen og arvingar for sum 550 rd. Ein merker seg elles at i dette skjøtet er namnet på seljaren skrive Wenssens, som truleg var den rette skrivemåten.

Frå år 1777 er ei sak som truleg gjeld det andre gardsbruket Myren like ved. Der var da husmora Kari Toresdtr. død, og det var arveskifte på ”Myren i Faaberg”. Ved dette skifte vart jordegodset, bruket Myren, taksert for 70 rd., og arvebuet utgjorde brutto 250 rd. og netto 199 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Christen Torstensen, som vi og kjenner litt til frå før, dei 6 søskna til den avdøde. Ein merker seg at søstera Jøa Toresdtr. var gift med Ole Grimstad i Lom, og at søstera Anne Toresdtr. var gift med Erich Ullateig, truleg også i Norddalen.

Peder Ellingsen, som kjøpte Myren i 1770, hadde garden til i 1780, da han skjøta grd. Myren, framleis av skyld 2 skinn, over til Lars Christensen Nygaard og Ole Knudsen Nygaard for sum 536 rd. Om kjøparen Ole Knudsen er elles å fortelja at han var død alt i 1789, og det var da atter arveskifte på "Myren i Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset grd. Myren av skyld 1 skind verdsett til 220 rd., og arvebuet utgjorde brutto 255 rd., men netto berre 21 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Anne Olsdtr. dei 2 borna i ekteskapet. Av dei var Anne da 12 år, og Kierstie var 4 år.

I 1790-åra var det elles fleire handlar med Myren-gardane. I 1797 skjøta såleis Lars Christensen Myren sitt gardsbruk Myren av skyld 1 skinn over til sonen Christen Larsen for 150 rd. + føderåd til foreldra. Vidare hadde i 1799 enka Anne Olsdtr. gifta seg oppatt med Arne Iversen Myren, og dei gav da isaman skjøte til Lars Erichsen Myren på det andre gardsbruket Myren også av skyld 1 skinn for kjøpesum 200 rd. og føderåd av og på garden.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da to familiar på Øvre Myren og to familiar på Nedre Myren. Dei to familiane på Øvre Myren var:

- 1. familie: 1. Christen Larsen, husbonden, 31 år,
 2. Rønnaug Hansdtr., kona hans, 34 år
 3. Hans Christensen, sonen deres, 2 år
- 2. familie: 1. Lars Christensen, fødeådsmann, 60 år
 2. Sigrid Olsdtr., kona hans, 70 år

Dei to familiane på Nedre Myren var:

- 1. familie: 1. Lars Erichsen, husbonden, 37 år
 2. Anne Olsdtr., kona hans, 24 år
- 2. familie: 1. Arne Iversen, føderådsmann, 51 år
 2. Anne Olsdtr., 51 år
 3. Ole Arnesen, son deres, 7 år

Frå 1806 er ei sak som tydeleg fortel at brukarane på Myrengardane, Christen Larsen og Lars Erichsen, baa var i beit for kontantar, og at dei da lånte isaman 649 rd. "med pant i deres eiende gårder Myhren av skyld 2 skind samt deres halve del i Sæther i Saxumdahlen". Denne obligasjonen vart elles kvittert og avlyst alt i 1807.

Etter 5 år var det i 1811 atter dødsbuskifte på Myren, og denne gongen på "Øvre Myhren i Faaberg". Den døde der var da husfrua Rønnaug Hansdtr., og jordegodset i buet, garden Myhren av skyld 1 skinn, vart taksert til 325 rd. Elles var det da god økonomisk stilling i ætta, og arvebuet utgjorde brutto 959 rd. og netto 773 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Christen Larsen dei 2 borna i ekteskapet: Hans, som da var 12 år, og Anne, som var 6 år.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom ved matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Myren Nedre" vidare oppgitt at dei store husdyr på garden da var 1 hest og 5 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 12 tønner. Eigar og brukar av garden var framleis Lars Erichsen. Tilsvarande var buskapen av store husdyr på "Myren Øvre" 1-2 hestar og 8 storfe, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 20 tønner. Eigar og brukar der i 1819 var framleis Christen Larsen. Av handlar med Myren-gardane tek vi her elles med at i 1831 selde

så Lars Eriksen grd. Myren nedre til Amund Henriksen, som i 1838 skjøta den vidare til Jens Bentsen. Same året, altså i 1838, skjøta og Christen Larsen på Øvre Myren denne garden over til sonen sin, Hans Christensen.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 vart den gamle landskyld i huder og skinn, smør og fisk, skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenr. 26 ”Myren nedre” fekk da som si nye matrikkelskyld: 1 skylddalar 3 ort 13 skilling, og det var i den tid framleis Jens Bentsen som var eigar og brukar av garden. Tilsvarande vart den nye matrikkelskyld på Myren øvre sett til 2 skylddalar 2 ort 20 skilling, og ny eigar og brukar der på garden var altså da Hans Christensen.

I 1840-50 åra vart det så handla mye med Myren-gardane. Såleis makeskifta i 1842 Jens Bentsen garden sin Myren nedre til Engebret Larsen, som i 1843 selde garden vidare til Andreas Andreassen, som etter fire år i 1847 gav skjøte til Christian Nilsen Strøm. Ein merker seg elles at setra til grd. Myren nedre da vart unntatt ved handelen. Så å seia samtidig med dette skjøta i 1850 eigaren av Myren øvre, Hans Christensen, denne egedomen over til Erik Olsen Goplen, som i 1854 selde den vidare til Amund Aanrud for kjøpesum 700 spd. Amund Aanrud hadde elles garden berre til i 1858, da han selde den vidare til Bottolf Larsen Skougstad for 1100 spd. Men garden var nå kome på handel, og vart så i 1861 selt av Bottolf L. Skougstad til Johannes Olsen Lien og Even Olsen Rindalsengen for 1300 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om ”Myren nedre” vidare oppgitt at jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje til saman i den tid utgjorde 79 mål, og av dette var 19 mål jord av 1. klasse. Vidare er det og oppgitt at buskapen der i den tid var: 2 hestar, 7 naut og 18 småkrøter, og at den årlege utsæd utgjorde ca. 4 tønner korn og 4 tønner settepoteter. Tilsvarande er det om Myren øvre oppgitt at der var det da 3 oppsittarar som alle hadde husdyr. Dei 3 oppsittarane var:

- a. Johannes, med ein buskap på 1 hest, 3 naut og 8 småkrøter og en utsæd på ca. 2½ tønne korn og 3 tønner settepoteter.
- b. Even, med eit husdyrhald på 3 storfe og 12 småfe og ein utsæd på ca. 3 tønner korn og 3 tønner settepoteter
- c. Dertil var det og ein ”Logerende Hans Kr.”, som hadde 1 ku og 5 småkrøter.

Frå Myren-gardane i 1860-70 åra merker ein seg elles at i 1868 gav Christian Nielsen nedre Myren obligasjon til Norges Hypotekbank 300 spd. ”for sølv”, og i 1877 gav Kristian Nilsen Myren skjøte til Amund S. Rindal for kjøpesum kr 4.400,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Myren i Saksumdalen fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 102 av samla skyld 5,76 mark, og det var da 3 bruksnummer under gardsnummer 102 Myren. Dei 3 bruksnr. var:

- a. Grn. 102 brn. 1 Myren nedre av skyld 2,46 mark, som Amund S. Rindal framleis var eigar og brukar av.
- b. Grn. 102 brn. 2 Svesæteren, av skyld 0,13 mark, som Mikkjel Monsstuen var eigar og brukar av
- c. Grn. 102 brn. 3 Myren øvre av skyld 3,17 mark, som Anders Amundsen Ellingsberg framleis var eigar og brukar av.

I 1902 gav skifteforvaltaren i Amund Rindals bu skjøte til Svend Evensen Ladderud på grd. Myren nedre for kjøpesum kr. 6.000,-. Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da dessutan skjedd dei skifte at Erland K. Haarstad hadde overtatt grn. 102 brn. 3 Myren øvre av skyld 3,17 mark.

Som eit streif av nyare tid tek vi har og med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 5 personar med røysterett på og/eller ved Myren-gardane. Dei 5 personar var:

1. arbeidar Matias Haakensen, Myrengen, 47 år
2. gardbr. Svein Evensen Laderud, 35 år
3. husmor Mina Amundsdr., kona hans, 37 år
4. gardbr. Erland Haarstad, Myren øvre, 48 år
5. husmor Oline Haarstad, kona hans, 35 år

Av handlar i seinare tid med gardane Myren eller parsellar av dei tek vi vidare med at i 1929 overtok så sonen Karsten Myren grn. 102 brn. 3 Myren øvre etter faren Erland K. Haarstad, og i 1933 overtok sonen Einar Laderud grn. 102 brn. 1 Myren nedre etter faren Svein Laderud. Vidare kjøpte i 1938 Einar Laderud grn. 102 brn. 4 Løkka.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det da framleis to gardsbruk under grn. 102 Myren. Dei to bruka var:

- a. Grn. 102 brn. 1 Myren nedre, da med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 70 mål (dekar) som Einar Laderud var eigar og brukar av.
- b. Grn. 102 brn. 3 Myren øvre med eit tilsvarende jordbruksareal på ca. 65 dekar, som Karsten Myren framleis var eigar og brukar av.

Husbonden Einar Laderud, som framleis var eigar og brukar av grn. 102 brn. 1 Myren nedre i 1952, er gift med Ragnhild Brandser, Døsen, og dei hadde da 3 born, nemleg:

- a. Sverre Olgeir f. 1935, b. Arne f. 1938, c. Marit f. 1942.

Husbonden Karsten Myhren på grn. 102 brn. 3 Myren øvre, hadde i 1933 gifta seg med Jorunn Bekkemellom, og dei hadde i 1952 seks born, nemleg:

- a. Oddbjørg f. 1933, b. Gunvor f. 1936, c. Erland f. 1938, d. Øystein f. 1943, e. Bård Jostein f. 1947, f. Knut Arild f. 1949.